

Det var ein feil hos ein abonnent som for ei tid sidan førte til ein serie med straumbrot i sentrale delar av Uskedalen. Vedkommande har fått beskjed om feilen, opplysar nettsjef Gerhard Myklebust i Kvinnherad Energi til uskedalen.no
Det var jordfeilbrytarane som vart utløyst gong på gong gjennom 2 dagar men KE fann feilen etter grundige sjekkrundar.

Dei som vart ramma treng difor ikkje å føreta seg noko meir.

- Det går rykter om at jordfeilbrytarar som har vore i funksjon og er koplå inn mange gonger bør skiftast ut. Er det tilfelle?

- Nei, det er det ikkje. Jordfeilbrytarane har lang levetid, opplysar Myklebust.

Av Ola Matti Mathisen